



Møteprotokoll for Bjørgvin bispedømeråd

Møtedato: 24.03.2015

Møtestad: Bjørgvin bispedømekontor

Møtetid: 09:00 - 16:00

Møtedeltakarar

Berit Nøst Dale

Egil Morland

Halvor Nordhaug

Inger Helene Thingvold Nordeide

Ivar Braut

Kari Synnøve Muri

Nils Dagestad

Tone Synnøve Øygard Steinkopf

Råd

BJØ

BJØ

BJØ

BJØ

BJØ

BJØ

BJØ

BJØ

Forfall meld frå følgande medlem

Cathrine Waaler Halstensen

Julie Ane Ødegaard

Råd

BJØ

BJØ

Følgande varamedlem møtte

Arnt Erik Nordheim

Råd

BJØ

Saksliste

Saksnr	Tittel	Gradering
015/15	Godkjenning av innkalling og saksliste	
016/15	Godkjenning av møtebok	
017/15	Avdelingsleiar / personalsjef ved Bjørgvin bispedømekontor	Personalsak
018/15	Prostiprest i Nordfjord prosti	Personalsak
019/15	Sokneprest i Kvinnherad, Æned, Åkra, Ølve, Hatlestrand og Varaldsøy sokn, Sunnhordland prosti	Personalsak
020/15	Sokneprest sokna i Aurland, Sogn prosti	Personalsak
021/15	Kapellan i Løvstakksiden sokn	Personalsak
022/15	Inndraging av stilling i Hardanger og Voss prosti	
023/15	Søknad om bli oppnevnt som råd under bispedømmerådet	
024/15	Omfordeling av presteressursane i Nordhordland prosti	
025/15	Arna og Åsane prosti - nytt namn	
026/15	Samanslåing av Gimmestad og Vereide sokn i Gloppen	
027/15	Referatsaker	

015/15: Godkjenning av innkalling og saksliste

Behandling:

Saker som inneheld opplysingar som er underlagd teieplikt, vert handsama for lukka dører.

Dette gjeld alle tilsettingssaker.

Spørsmål om ei sak skal vere underlagt teieplikt, vart også handsama for lukka dører.

Vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

Følgjande saker handsama for lukka dører: 017/15,018/15,019/15,020/15 og 021/15

016/15: Godkjenning av møtebok

Vedtak:

Møteprotokoll godkjent med dei merknadene som var sendt inn.

017/15: Avdelingsleiar / personalsjef ved Bjørgvin bispedømekontor

Vedtak:

Bjørgvin bispedømme tilsett på faste vilkår i stillinga som avdelingsleiar /personalsjef, stillingskode 1407 avdelingsleiar

1. Cathrine Waaler Halstensen

018/15: Prostiprest i Nordfjord prosti

Vedtak:

Bjørgvin bispedømmeråd tilset på faste vilkår i stillinga som prostiprest, stillingskode 1537, LR26, med Nordfjord prosti som tenestedistrikt

1. Henny Marie Koppen

2. Ann Kristin Avdem Grande

019/15: Sokneprest i Kvinnherad, Ænes, Åkra, Ølve, Hatlestrand og Varaldsøy sokn, Sunnhordland prosti

Vedtak:

Bjørgvin bispedømmeråd tilsett på faste vilkår i stillinga som sokneprest, stillingskode 1555, LR45, med Kvinnherad, Ænes, Åkra, Ølve, Hatlestrand og Varaldsøy sokn som tenestestad og Sunnhordland prosti som tenestedistrikt

1. Kjetil Kringlebotten

020/15: Sokneprest sokna i Aurland, Sogn prosti

Vedtak:

Bjørgvin bispedømeråd tilset på faste vilkår i stillinga som sokneprest, stillingskode 1555, LR45 med sokna i Aurland som tenestestad og Sogn prosti som tenestedistrikt

1. Jermod Ove Hausberg
2. Anne Karine Aarmo Lysne

021/15: Kapellan i Løvstakksiden sokn

Vedtak:

Bjørgvin bispedøme tilsett på faste vilkår i stillinga som kapellan, stillingskode 0922 LR26, med Løvstakksiden sokn og Bergen Internasjonale Menighet som tenestestad og Bergen domprosti som tenestedistrikt

1. Kristin Løddøen Hope
2. Øyvind Rise
3. Steinar Sneås Skauge

022/15: Inndraging av stilling i Hardanger og Voss prosti

Vedtak:

1. Stillinga som prostiprest i Hardanger og Voss prosti med særleg ansvar for Strandebarm og Fusa sokn vert trekt inn med verknad frå 01.04.2015.
2. Stillinga som sokneprest i Vikøy og Strandebarm sokn vert lyst ut.
3. Stillinga som sokneprest i Samnanger sokn, med ansvar også i Fusa, vert lyst ut.
4. Stillinga som sokneprest i Jondal og Utne sokn vert lyst ut.

023/15: Søknad om bli oppnemnt som råd under bispedømerådet

Vedtak:

Bjørgvin bispedømeråd opprettar nytt fagutval innan det "nyåndelege" området.

Bispedømerådet nemner opp medlemmane til fagutvalet.

For perioden 2015- juni 2016 nemner ein opp som medlem i utvalet:

Greta Gramstad, Sverre Johan Nærheim, Marit Bjørsvik, Hildegunn Isaksen, May Bente Matre, Tone Totland og Ragnar Tesdal.

024/15: Omfordeling av presteressursane i Nordhordland prosti

Vedtak:

1. Presteressursen i Solund, Gulen og Masfjorden vert redusert frå 300 % til 250 % med verknad frå 01.08. 2015.
2. Stillinga som sokneprest i Gulen vert lyst ut snarast.
3. Ved vakanse i stillinga som sokneprest i Solund vert organiseringa av prestetenesta i soknet vurdert.
4. Meland får tilført 50 % meir presteressurs så snart det er handlingsrom for dette.

Prosten har ansvar for til ei kvar tid å fordela presteressursane på best mogeleg måte, jfr tenesteordning for prostar.

025/15: Arna og Åsane prosti - nytt namn

Vedtak:

Bjørgvin bispedømeråd vedtar å endra namnet på Arna og Åsane prosti til Åsane prosti med verknad frå 1. juni 2015, under føresetnad om departementet si godkjenning.

026/15: Samanslåing av Gimmestad og Vereide sokn i Gloppen

Vedtak:

1. Bjørgvin bispedømeråd gjer vedtak om å slå saman Gimmestad og Vereide sokn til eitt sokn med verknad frå 1. januar 2016.
2. Det nyvalde soknerådet vil fungere som felles sokneråd for begge sokna frå 1. november til og med 31. desember 2015.
3. Namn på det nye soknet vert Gloppen sokn

027/15: Referatsaker

Vedtak:

Referatsakene er tatt til etterretning